



10.06.2016

NVE-konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Arkivsak: 16/1956
Løpenr.: 16/7939
Sakshandsamar:
Steinulf Skjerdal

Kinsedal og Kveken kraftverk - begrensa høyring

I samband med konsesjonshandsaminga av utbyggingssøknadene for Kveken kraftverk og Kinsedal kraftverk kravde NVE at det vart gjennomført tileggsundersøkingar med fokus på konsekvensar utbyggingane vil ha for naturtypar, karplanter, mosar og lav.

Økolog Steinar Vatne har vore ansvarleg for gjennomføring av tilleggsundersøkinga. Kartlegginga har avdekket 9 nye naturtypelokalitetar fordelt på naturtypene skogbekkekløft, fosse-eng, naturbeitemark og slåttemark. Det er registrert 18 artar som er oppført på gjeldande raudliste, innan artsgruppene sopp (8), lav (7), mosar (1) og karplanter (2).

5 raudlistearter og 6 naturtypelokalitetar vil bli berørde av planane. Viktigaste påverknadsfaktorane er fleire mindre fysiske inngrep og redusert vassføring. Kveken kraftverk er vurdert å ha middels negativ konsekvens og Kinsedal kraftverk stor negativ konsekvens.

Viktigaste avbøtande tiltaka er opplyst å vera auka minstevassføring og røyrgate i dagen i staden for nedgraven i sårbare skogsområde.

I sin uttale til utbyggingssøknadene tilrådde Luster kommunestyre at det vert innvilga konsesjon for bygging av Kveken kraftverk på dei vilkår som går fram av søknaden. For Kinsedal kraftverk vart utbygging tilrådd under føresetnad av at:

- a) Minstevassføringa om sommaren vert auka opp til 5-persentilen
- b) Det skal gjennomførast støydempende tiltak for å bringa støyen frå turbin og avlaup i samsvar med gjeldande grenseverdiar
- c) Dei avbøtande tiltaka og utføringa elles skal vera slik det går fram av konsesjonssøknaden.

Tilleggsundersøkingane underbyggjer kommunestyret si tilråding om avbøtande tiltak i form av auka minstevassføring for Kinsedal kraftverk. For Kveken kraftverk meinte kommunestyret at sidebekker nedanfor inntaket vil føra til at vassføringa rel. tidleg kjem på nivå med utrekna 5-persentil ved inntaket.

Luster kommune meiner ei slik vassføring er tilstrekkeleg og forsvarleg for å ta vare på det biologiske mangfaldet i vassdraget, også dei nyoppdaga raudlisteartane og naturtypelokalitetane. Luster kommune meiner elles at hovudregelen bør vera at røyrgata skal nedgravast for at spora etter

utbygging skal syna minst mogeleg i ettertid. Belastninga på det biologiske mangfaldet i røyrgatetrasèen på grunn av anleggsaktivitet, vil truleg bli mykje den same anten røyrene vert plasserte på betongfundament eller nedgravne.

Med helsing

Jarle Skartun
Rådmann

Steinulf Skjerdal
landbrukssjef
tlf.: 57 68 55 83

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje underskrift

Mottakar (ar):

NVE-konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua , 0301 OSLO